

NOTAT

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest

DATO: 15.03.2018
FRÅ: Administrerande direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Berit Berntsen, HRO Direktør

SAKA GJELD: Administrerande direktør si orientering – pkt 4

ARKIVSAK:
STYRESAK: 003/18

STYREMØTE: 22.03.2018

Varsling kritikkverdige forhold

I tråd med auka fokus på trakassering nasjonalt og internasjonalt mellom anna gjennom #metoo rørsle ønskjer Sjukehusapoteka Vest merksemd rundt temaet. Sjukehusapoteka Vest ønskjer ein open kultur der det er trygt å varsle om kritikkverdige forhold, anten det er seksuell trakassering eller anna.

Ein følgjer opp dette med fokus på ny, regional retningslinje for varsling av kritikkverdige forhold. Rutine er forankra i kapittel 2 i Arbeidsmiljølova. Arbeidsmiljølova slår fast at rett til å varsle om kritikkverdige forhold for medarbeidarar, innleigde, studentar mm og at varslar har rett til vern mot gjengjelding. Sjukehusapoteka Vest vektlegg god oppfølging av både varslar og den det vert varsla mot. Tema har vore handsama i leiargruppa, i FAMU og i Samhandlingsmøte og på Samhandlingsdag med alle tillitsvalde og verneteneste.

Etter regional drøfting vert rutine publisert i personalhandboka, supplert med nyhendesak på Intranettet. Alle einingar vil diskutere tema lokalt, i leiargrupper, i samhandlingsmøter og i avdelingsmøter. Tema vert tydeleg del av årleg gjennomgang av estiske retningsliner.